



Årsmøte 2010

Torsdag 11. februar, Firda vidaregåande skule



www.gloppenjanitsjar.net



NM for janitsjar Trondheim 2009.
(Fotograf Reimers)

Hovudsponsorar for:
Gloppen janitsjar





Sakliste

1. Opning
2. Konstituering
 - Namneopprop
 - Godkjenning av innkalling
 - Godkjenning av sakliste
 - Val av møteleiar
 - Val av møtesekretær
 - Val av to til å skrive under møteprotokollen saman med møteleiar
3. Årsmelding
4. Rekneskap med revisjonsmelding
5. Innkomne saker
Det er ikkje meldt andre årsmøtesaker
6. Arbeidsplan 2010
7. Kontingent
8. Budsjett
9. Val
10. Avslutning



Øving ute på plassen på Firda, for teste akustikk og lyd før dei to utandørskonsertane i juni.

Innhald

Årsmelding	5
Kontingent	10
Rekneskap	11
Budsjett	12
Arbeidsplan	14
Val	10

Vedlegg:

Repertoar 2009	15
Referat frå årsmøtet 2008	19

Sak 3

Årsmelding

Årsmøtet 2009

Årsmøtet 2009 vart halde på Firda vidaregåande skule torsdag 19. februar. Det møtte 27 medlemmer, og etter årsmøtet såg lista over tillitsvalde slik ut:

Styret

Leiar: Bernt Reed
Nestleiar: Gunnar Eide
Kasserar: Reidun Kjørvik Førde
Sekretær: Geir Skagen
Styremedlem: Eivind Kjørvik
1. vara.: Ole Henrik Mølmann
2. vara.: Eva Holme

Musikkutval

Ole Henrik Mølmann, leiar
Marita Elise Holme
Bjørn Inge Solheim
Dirigent

Sosialkomité

Didrik Eide
Solveig Tørudstad
Heidi Fure Klausen

Valnemnd 2009

Martha Sundal Engeland
Vigdis Henden
Ingrid Sundal Søreide

Revisorar

Didrik Eide og Heidi Fure Klausen



Nyfrid Eide er ny æresmedlem i Gloppe janitsjar. Tittelen fekk ho som ein aktiv og engasjert pådrivar og tilretteleggar for den viktige støttegruppa til korpset gjennom ei årrekke.

(Foto: Bjørn Skagen)



Klare til NM-innsats i Lille sal i Olavshallen under NM for janitsjar i Trondheim.



Grendekonsert i Myklebustdalen 4. juni.
(Foto: Birgette Myklebust Paulen)

Årsmelding

Aktivitetar sidan førre årsmøte

24. januar	Juletrefest i Vonheim
15.-16. februar	Øvingshelg før NM
19. februar	Årsmøte
13. mars	Skulekorpsbasar i Hyen
26.-29. mars	NM for janitsjar i Trondheim
7. april	Påskebasar i Breim
3. mai	Oppmarsj Breimstafett
17. mai	Speling på Sandane, Breim, Rygg, Austrheim og Vereide
4. juni	Konsert i Myklebustdalen
6. juni	Konsert på Heradspllassen på Sandane
8. august	Speling i bryllaup til dirigent John Rune Ødven og Mariann Johansen
13. november	Konsert ved opninga av Kulturnatt i Nordfjord
21.-22. november	Øvingshelg, inkludert øving før Commitments våren 2010
29. november	Førjulstreff i Aulaen
18. desember	Julekonsert i Breim kyrkje
20. desember	Julekonsert i Vereide kyrkje
24.-25. desember	Musikantar frå korpset spelar på ulike julearrangement på Sandane og Austrheim

Styret sitt arbeid

Styret har hatt åtte møte i perioden og handsama 37 saker. Ein del saker er delegert til eigne utval, og dette reduserer styret si trøng for møter. Det har vore vanleg for styret, når det hastar, å samlast i samband med øvingar for å drøfte aktuelle saker. Det har vore eitt medlemsmøte i perioden.

Av saker som har vore oppe kan nemnast:

- Rekruttering av musikarar / aspirantkurs for vaksne
- NM i janitsjar 2009 - kvalifisering og påmelding
- Sogn og Fjordane-meisterskapen 2010
- Leigeprisar for aulaen

Sak 3

Årsmelding



I august var det tid for bryllaup etter skotsårs-galla-frieri og Gloppejanitsjar var på plass.



NM-vinnar Oianne Holme dagen etter seieren i Trondheim.

Sesongen slik den gjekk

2009 vart eit år der NM stod i fokus og Sommarnatt ved fjorden vart avlyst. Elles var det dei faste postane før vårsesongen vart avslutta med to minikonsertar. I januar var det juletrefest, i påska basar i Breimshallen, og i mai Breimstafett og 17. mai, slik det brukar vere. Sommarnatt ved fjorden vart avlyst, og i staden hadde vi to minikonsertar i Myklebustdalen og på Herads-plassen først i juni, der begge på sitt vis var vellukka.

Etter kvalifiseringsspel hausten før vart det klart at vi stilte i 4. divisjon under NM for janitsjar i Trondheim, dette året som for to år sidan. Vi stilte med fire satsar frå Dyrenes karneval og eit arrangement av «Eg ser deg ut for gluggen». Vi enda som nummer 6 av 16 korps, ein plass betre enn sist, med 91 poeng og gode dommarkommentarar. Både musikalsk og sosialt var det ein vellukka tur for korpsset.

Hausten vart «tjuvstarta» då heile korpset stilte opp til speling ved dirigent John-Rune sitt bryllaup i Vereide kyrkje først i august. Nokre veker etter var den harde kjerne på plass for oppstarten av ein roleg haust, der ein liten konsert ved opninga av Kulturnatt i Nordfjord - Gloppe og ei øvingshelg med skulekorpsa før «Commitments» til våren var einaste oppdrag før julesesongen.

Førjulstreffet i Aulaen opna førjuls-sesongen med vanleg fullt hus, «Nisseorkesteret» og årar med god omsetning. Godt besøk, om ikkje fullt, var det også under førjulkonsertane i kyrkjene i Breim og på Vereide.

Korpset tildelte Nyfrid Eide æresmedlemskap for sitt lange og engasjerte støttearbeid for korpset, som drivkrafta bak «dameklubben» som stadig har premiar til lotteria våre og som flittig stiller opp når vi treng ekstra hjelp til arrangement.

I løpet av året vart det klart at korpset fekk ansvaret for Nordvest-meisterskapen for amatørkorps i november 2010, og ein rutinert komite er sett i arbeid.

Medlemmer i korpset har gjort det bra på andre frontar. Saman med andre i Gloppe kulturskule's slagverkensembla gjekk Jakob Hjelmeset og Torgrim Halse heilt til landsmønstringa i UKM på våren. Klarinettsøstrene Oianne, Marita og Norhild Holme fekk ungdommens kulturpris for gjennom mange år



Ein av korpset sine veteranar, trombonist og æresmedlem Odd Hansen, overraska alle då han etter vårsesongen kunngjorde at han gav seg. Rekkekollega Bjørn Inge takka for ein imponerande innsats for korpset og korpsrørsla.



Ein 17. mai-marsj på vegen frå Karnilstunet til Austrheim skule.

(Foto: Geir Skagen)



Tid for sosialt lag må til, og her passar Ingrid og Margunn grillen.



Det årlege biletet av Eivind med stortromma 17. mai - i år medan han saler opp på Statoil klokka 0715, med hjelp av tromme-vikar Geir Skaaden.

Årsmelding

gitt folk i Gloppen musikalske opplevingar på høgt nivå. Olianне vart også noregmeister for janitsjar saman med Dragefjellets musikkorps under NM for janitsjar i 2009. Mange messingblåsarar frå korpset deltok også då trumpet-virtuosen Tine Thing Helseth spelte med Det norske kammerorkester og lokale musikarar i kultursalen.

Gjennom Norsk Tipping sitt «Grasrotfond» fekk Gloppen janitsjar gjennom året inn 5473 kroner gjennom at lokale tipparar støttar korpset når dei tipper. Ved årsslutt hadde korpset 33 registrerte «medspelarar».

Instrument

Korpset har ikkje kjøpt inn nye instrument i 2009

www.gloppenjanitsjar.net

Etter seks år fekk korpset si nettside ny utsjånad i mai. Nettsida er flittig brukt både av medlemmar og andre, og det er lagt vekt på informasjon om korpset sin aktivitet, særleg opp mot korpset sine arrangement.

Representasjon i perioden

Cecilie Aalberge har vore styremedlem i NMF Nordvest i perioden. Korpset takkar for innsatsen.

Medlemmar

Ved utgangen av 2009 har korpset 34 medlemmer innmeldt i NMF

Klarinett

Britt Rønneklev Mølman, Elin Nikoline Vie, Geir Skagen, Hanne Lyngstad, Marita E. Holme, Martin Lyngstad, Solveig Tørudstad

Bassklarinett

Gudmar Eikenes

Saksofon

Didrik Eide, Hege Ravnestad, Margunn A. Evebø, Reidun Kjørvik Førde, Vidar Seljen Melby

Trompet / kornett

Arvid Jordanger, Cecilie Kristine Aalberg, Heidi Fure Klausen, Per-Helge Evebø, Sondre Mathias Vereide Nave



Berre kort tid til NM-speling. Heidi varmar opp.

Sak 3

Årsmelding



Det nærmar seg tid for å gå med barnetoget på Sandane.

Horn

Aud Silden Kleppe, Eva Fitje Holme, Martha Sundal Engeland, Vigdis Henden

Trombone

Bjørn Inge Solheim, Jon G. Eide, Odd Hansen

Baryton

Ingrid Sundal Søreide, Linda Pupe Støyva, Olav R. Myklebust

Tuba

Bernt Reed, Eivind Kjørvik, Gunnar Eide, Ole Henrik Mølmann, Rune Støyva

Slagverk

Jakob Hjelmeset, Thomas Røgeberg, Torgrim Halse

Dirigent

John Rune Ødven

Desse byrja i 2009:

Vidar Seljen Melby

Desse slutta i 2009:

Oianne Randi Holme, Camilla Hole, Jan-Kjetil Øygard, Sondre Mathias Nave, Odd Hansen

Korpset takkar:

Gloppen janitsjar takkar Hovudsponsorane Lerum og Sparebanken Sogn og Fjordane for god støtte.

Korpset takkar støttekomiteen som brukar tysdagskveldane og legg ned eit stort arbeid gjennom året, særleg opp mot Julelotteriet og Påskebasaren, og for at dei stiller opp når det trengst ekstra hjelp.

Takk også til dirigent John-Rune Ødven for tolmodig arbeid gjennom året.

Sandane 4. februar 2010

Bernt Reed, leiar

Geir Skagen, sekretær

Gunnar Eide, Reidun Kjørvik Førde, Eivind Kjørvik, Ole Henrik Mølmann, Eva Fitje Holme



Damene i støttekomiteen går over gevinstane før Førjulstreffet i Aulaen. Bakom er dei populære lyktenissane og nissehusa alt på plass.



Etter ti timer i 17. mai-tog er det fullt fortent for eit korps å sitte litt.



Kontingent

Kontingenget i Gloppen Janitsjar vart i fjer auka til 500,- kroner for vaksne og 250,- for skulelevar. Styret ser ingen grunn til å auke kontingenget i år.

Framlegg til vedtak: Kontingenget i Gloppen Janitsjar er kroner 500,- for vaksne og kroner 250,- for skulelevar.

Val

Valnemnda si innstilling

Styret

Leiar:	Bernt Reed	
Nestleiar:	Gunnar Eide	Attval
Kasserar:	Reidun Kjørvik Førde	Attval
Sekretær:	Geir Skagen	
Styremedlem ¹ :	Hanne Lyngstad	Ny
1. vara.:	Ole Henrik Mølmann	Attval
2. vara.:	Eva Holme	Attval

Musikkutval

Ole Henrik Mølmann, leiar	Attval
Marita Elise Holme	Attval
Bjørn Inge Solheim	Attval

Dirigent

Didrik Eide	Attval
Solveig Tørudstad	Attval
Heidi Fure Klausen	Attval

Valnemnd 2010

Ingrid Sundal Søreide	Attval
Martha Sundal Engeland	Attval
Eivind Kjørvik	Ny

Revisorar

Didrik Eide og Heidi Fure Klausen	Attval
-----------------------------------	--------



Klar for kontroll og innmarsj i alfabetisk rekkefølge til oppvarming og spelning under NM. Eide, Gunnar og Eide, Jon er klare for inspeksjon.

1) Til vervet som styremedlem
ligg det å vere material-
forvaltar.

Rekneskap og budsjett



Bernt har fått hengt opp sponsorprofilinga til Páskebasaren i Breimshallen.

	Inntekter	Budsjett 2009	Rekneskap 2009	Budsjett 2010
3011	Medlemskontigent/Uniform/Instrumentleige	kr 20 000,00	kr 25 000,00	kr 25 000,00
3040	Offentleg speling	kr 2 000,00	kr 2 500,00	kr 2 000,00
3070	Julebasar	kr 45 000,00	kr 46 275,00	kr 45 000,00
3080	Påskebasar	kr 40 000,00	kr 42 678,50	kr 40 000,00
3090	Hovudlotteri	kr 50 000,00	kr 50 000,00	kr 50 000,00
3100	17.mai speling / Buss	kr 20 000,00	kr 15 691,00	kr 15 000,00
3110	Gåver	kr 15 000,00	kr 11 000,00	kr 11 000,00
3120	NMF VO-midlar	kr 10 000,00	kr 13 720,00	kr 12 000,00
3130	Norsk Tipping	-	kr 3 166,50	kr 5 000,00
3140	Sponsor	kr 25 000,00	kr 25 000,00	kr 25 000,00
3150	Kulturmidlar	kr 10 000,00	kr 9 000,00	kr 9 000,00
3160	Sommarnatt ved fjorden	kr 20 000,00	-	kr 30 000,00
3170	NM Bilde	-	kr 3 040,00	-
3180	Sogn og Fjordane Meisterskap 2008	-	kr 1 800,00	-
3190	Eigenandel NM 2009	-	kr 72 720,00	-
3200	NordVest Mesterskap 2010	-	-	kr 25 000,00
3230	Julefest / Sambafest	kr 5 000,00	kr 6 250,00	kr 5 000,00
8040	Renteinntekter	kr 1 000,00	kr 374,00	kr 1 000,00
8100	Bruk av eigenkapital	kr 31 000,00	-	-
SUM INNTEKTER		kr 294 000,00	kr 328 215,00	kr 300 000,00

Rekneskap og budsjett

	Utgifter	Budsjett 2009	Rekneskap 2009	Budsjett 2010
4010	Instrument	kr 25 000,00	-	kr 30 000,00
4020	Notar	kr 10 000,00	kr 5 231,66	kr 10 000,00
4040	Innleide tenester	kr 10 000,00	kr 3 000,00	kr 10 000,00
5850	Gåver / Blomar	kr 3 000,00	kr 4 282,00	kr 3 000,00
6210	Husleige	kr 12 000,00	kr 11 000,00	kr 15 000,00
6220	Kaffi /Brus / Matvarer	kr 1 000,00	-	-
6240	Instruksjon	kr 80 000,00	kr 82 080,00	kr 92 000,00
6650	Øvingshelgar	kr 10 000,00	kr 3 200,00	kr 10 000,00
6710	Administrasjon	kr 5 000,00	kr 4 890,15	kr 5 000,00
6720	Julefest / Sambafest	kr 1 000,00	kr 671,00	kr 1 000,00
6730	Påskebasar	kr 20 000,00	kr 18 905,04	kr 20 000,00
6740	Julebasar	kr 25 000,00	kr 41 561,30	kr 30 000,00
6770	17.mai buss	kr 10 000,00	kr 9 047,00	kr 10 000,00
7030	NordVest-Mesterskap 2010	-	kr 400,00	kr 6 000,00
7040	Korpstur NM 2009	kr 40 000,00	kr 128 100,00	-
7050	Musikkleir	kr 10 000,00	kr 11 500,00	kr 10 000,00
7160	Sommarnatt ved fjorden	kr 15 000,00	-	kr 30 000,00
7410	NMF Kontingent	kr 10 000,00	kr 9 100,00	kr 10 000,00
7510	Forsikring	kr 4 000,00	kr 4 056,00	kr 5 000,00
7720	Årsmøte / Leiarsamling NMF	kr 2 000,00	kr 1 239,50	kr 2 000,00
7790	Diverse	-	kr 49,50	-
8190	Finanskostnader	kr 1 000,00	kr 428,00	kr 1 000,00
SUM UTGIFTER		kr 294 000,00	kr 338 741,15	kr 300 000,00



Jon og Gudmar gjer klar «ribbeveggen» før utloddina på Førjulstreffet.

Rekneskap og budsjett

ÅRSAVSLUTNING 2009

Inntekter	Utgifter	Underskot
kr 328 215,00	kr 338 741,15	kr 10 526,15

Bank 01.01.2009	kr 165 703,16
Underskot 2009	kr 10 526,15
Bank 31.12.2009	kr 155 177,01

Gloppen Janitsjar
Sandane 30.01.2010

Reidun Kjørvik Førde, kasserar

Samandrag av nokre rekneskapstal

	Inntekt	Utgift	Netto
Påskebasar (utgifter både 08 og 09)	42 678,50	18 905,00	23 773,35
Julebasar og Hovudlotteri (utgifter både 08 og 09)	96 275,00	41 561,30	54 713,70
Korpstur NM 2009 (inntekt = eigenbet hotell+bilde)	72 720,00	128 100,00	- 55 380,00 (budsjettet 40 000,00)

REVISJONSMELDING

Rekneskapen er revidert og funnen rett i følgje bilaga og kontoutskriftene.

Sandane, 1.februar 2010

Heidi Fure Klausen (sign) Didrik Eide (sign)



Loddsalet er i gang under påskebasaren i Breim og kasserar Reidun har full kontroll på loddbøker, årar og vinstar.



Mens nisseorkesteret spelar på Førjulstreffet går åresalet for fullt i aulaen.



17. mai: Ferdige med barnetoget i Breim, og bussen står og venter på å køyre til folketoget på Rygg.



«Commitments»-øving med alle skulekorpsa i Gloppen sist november for å delta på kulturskulen sin jubileumskonsert i mars.

Arbeidsplan

2010

Vår

Korpsbasar i Hyen
Jubileum til Kulturskulen
Påskebasar i Breim
Breimsstafetten
17. mai
Sommarnatt ved fjorden
Grendakonsert?
Blåtur

Haust

Øvingshelg
NordVest-meisterskap
Førjulstreff i Aulaen
Julekonsertar

2011

Vår

NM (08.-09. april 2011)
Jazz-konsert med Helge Sunde, Børge Are Halvorsen og Arve Henriksen (mai/juni)
Grendakonserter

Haust

Øvingshelg
Show med GJ og Breimskoret
NordVest-meisterskap

2012

Vår

Skotårsgalla (29. februar 2012 er ein onsdag)
Sommarnatt ved fjorden (1. juni 2012 er ein fredag)
Grendakonserter

Haust

Øvingshelg
Solistkonsert med lokale talenter
NordVest-meisterskap



Linda spretter NM-kaka etter godt resultat i Trondheim.

Repertoar 2009



Bjørn Inge spelar «Misty» på Førjulstreffen.

(Foto: Bjørn Skagen)

- Bach Celebration: «Minuet» og «Marcia» (J.S.Bach, arr. Frank Erickson)
 Bereden väg för Herran (arr. Leif Strand)
 Bønder i byen (Sverre Bergh, arr. Edward B. Nilsen)
 De Norske Løve (Oscar Borg, instr. Bjørn Mellemberg)
 Dyrenes karneval (C.Saint-Saens, arr.), satsane «Introduksjon og løvenes marsj», «Elefanten», «Fossilane» og «Grand finale»
 Eg ser deg utfor gluggjen (trad., arr. Lars Erik Gudim)
 El Kapitan (J. P. Sousa)
 Fagert er landet
 Fra fjord og fjære (Trond Kverno, arr Arne Søholt)
 Gammel Jegermarsj (arr. Øyvind Strand)
 General Cederschiöld (Per Grundström, arr. Stig Gustavson)
 Holmenkolmarsj (Allan Johanson)
 Kom no med lovsang (arr. David Willcocks, instr. Arne Søholt)
 Misty (Errol Garner/Johnny Burke, arr. Bjørn Morten Kjærnes), solist Bjørn Inge Solheim
 Montego Bay (Sammy Nestico)
 Nordfjordsongen (Per Bolstad, arr. Arne Søholt)
 Norge i rødt, hvitt og blått (Lars-Erik Larsson, arr. Rolf Letting)
 Norsk Gardemarsj (C.A.Lundvall, arr. T. Kolaas)
 On the Quarter Deck (Kenneth J. Alford)
 Sandpaper Ballet (Leroy Anderson), solistar Torgrim Halse og Jakob Hjelmeset jr
 Sophisticated Ladies (Duke Ellington, arr. John Edmondson)
 Symphonic prelude on Adeste Fideles (John Wade, arr. Claude Smith/Espen Andersen)
 The Mad Major (Kenneth J. Alford)
 Tiger Rag (arr. Paul Yoder)
 Trumpeters Lullaby (Leroy Anderson, arr. Phillip J. Lang), solist Cecilie Aalberg
 Tu be, or not Tuba! (Frode Thingnæs), solist Rune Støyva



Mange har fått høye til å vise seg fram som solistar i året som gjekk. Her spelar Rune «Tu be, og not tuba!» på kulturnatt.

(Foto: Odd Hansen)



Husorkester spelar på Påskebasaren i Breim.



Referat frå årsmøtet 2009

i Gloppe Janitsjar torsdag 19. februar 2009 klokka 1930 på Firda vidaregåande skule

Leiar Martha Sundal Engeland opna årsmøtet og tok opprop.

Til stades ved opninga:

Britt Rønneklev Mølmann, Geir Skagen, Hanne Lyngstad, Martin Lyngstad, Solveig Tørudstad, Didrik Eide, Margunn A. Evebø, Reidun Kjørvik Førde, Arvid Jordanger, Heidi Fure Klausen, Eva Fitje Holme, Martha Sundal Engeland, Bjørn Inge Solheim, Jon G. Eide, Odd Hansen, Ingrid Sundal Søreide, Linda Pupe Støyva, Olav R. Myklebust, Bernt Reed, Eivind Kjørvik, Gunnar Eide, Ole Henrik Mølmann, Rune Støyva, og John Rune Ødven.

Det er 24 røysteføre til stades ved starten av årsmøtet.

Godkjenning av innkalling og sakliste

Dato for årsmøtet var kunnjort i Firda Tidend onsdag 21. januar. Innkalling og årsmelding gjort offentleg på korpsene sine nettsider fra tysdag 13. januar. Sakliste og årsmøtepapir var gjort tilgjengeleg for medlemmane laurdag 14. februar.

Vedtak: Innkalling og sakliste er godkjent.

Val av møteleiar

Martha Sundal Engeland vart foreslått som møteleiar. Det kom ingen andre framlegg.

Vedtak: Martha Sundal Engeland er møteleiar

Val av møtesekretær

Geir Skagen vart foreslått som møtereferent. Det kom ingen andre framlegg.

Vedtak: Geir Skagen er møtereferent

Val av personar til å skrive under møteprotokollen

Det vart gjort framlegg om at Martin Lyngstad og Linda Pupe Støyva signerte møteprotokollen saman med leiar. Det kom ingen andre framlegg.

Vedtak: Martin Lyngstad og Linda Pupe Støyva signerer møteprotokollen saman med leiar.

Årsmelding

2008 vart eit aktivt år for Gloppe janitsjar, med Skotårsgalla i mars, Sommarnatt ved fjorden i juni, Sogn og Fjordane-meisterskap og kvalifisering til NM i november som dei viktigaste musikalske aktivitetane. I tillegg kom dei tradisjonelle oppgåvane knytt til mai og jul. Ved årsskiftet har Gloppe janitsjar 39 medlemer registrerte i NMF.

Årsmeldinga vart gjennomgått side for side. Det kom to endringar.

Didrik Eide påpeikte at korpset stilte opp og spelte ved 50 års-dagen hans i juni, og Odd Hansen meinte det under takk også burde stå ein takk til dirigenten for tolmodig og godt utført arbeid.

Vedtak: Årsmeldinga for sesongen 2008 er godkjent, med tilførte endringar.

Rekneskap med revisjonsmelding

Rekneskapen vart lagt fram med eit underskot på kr 95 401,10 kroner. Ein hovudgrunn til det store underskotet er utgifter for direksjon for to år, både 2007 og 2008. Inntektssida gav ikkje Skotårsgalla eit så stort overskot som budsjettet. Revisorane har gått gjennom rekneskapen og skriv at «rekneskapen er revidert og funnen rett i følgje bilag». Kasserar Reidun Kjørvik Førde orienterte om dei ulike punkta i rekneskapen og svarte på spørsmål. Det kom ingen kommentarar til rekneskapen.

Vedtak: Rekneskap for 2008 er godkjent med merknad

Innkomne saker

Det var ingen innkomne saker

Arbeidsplan

Styret og musikkutvalet har sett opp eit framlegg til arbeidsplan for komande arbeidsår og nokre hovudmål på ei treårsplan. Våren inneholder dei vanlege aktivitetane med Sommarnatt ved fjorden som høgdepunkt. Hausten sameleis, men der må styre og musikkutval sjå på kva høve som opnar seg. Det vart presisert at det må leggast inn ein musikalisk aktivitet som gjer at korpset har eit musikalisk arbeidsmål meir enn julekonsertane. Det var også stilt spørsmål ved NMF Nordvest si planlegging med tanke på å vite når deira aktivitet skal føregå. Framlegget vert retningsgjevande og det var semje om tiltaka i årsmøtet.

Vedtak: Arbeidsplanen er godkjent.

Kontingent

Kontingenoten i Gloppe Janitsjar er 400,- kroner for vaksne og 200,- for skuleelevar, og har ikkje vore auka på ei rekke år. For at kontingentbidraget skal dekke NMF sine kontingentkrav foreslår styret å heve kontingenoten til 500,- kroner for vaksne og 250,- for skuleelevar.

Vedtak: Kontingenoten i Gloppe Janitsjar vert kroner 500,- for vaksne og kroner 250,- for skuleelevar.

Budsjett

Styret presenterte eit budsjett for komande sesong som er balansert på 300.000 kroner, der det var rekna brukt 52 000 kroner av eigenkapitalen. Ei særskild utgift i budsjettet er 40 000 kroner sett av til NM i janitsjar.

På inntektssida kom det framlegg om å auke loddslaet og arbeide

med sponsorinntekter, til saman 15 000 kroner. På utgiftssida kom det framlegg om å redusere løvingar til sommarkurs med 6 000 kroner, men med tanke på å auke dette om det vert høve til det.

Vedtak: Budsjett for 2009 vart godkjent med endringar, der budsjettet balanserer på 294 000 kroner, og det vert rekna brukt 31 000 kroner av eigenkapitalen.

Val

Martha Sundal Engeland tek ikkje attval som leiar etter å ha hatt vervet i to periodar, medan Geir Skagen har sagt ja til halde fram ei periode til. Resten av styret er ikkje på val. Valnemnda orienterte om arbeidet før årsmøtet, og presenterte dette framlegget til styre.

Leiar: Bernt Reed

Ny

Nestleiar: Gunnar Eide

Kasserar: Reidun Kjørvik Førde

Attval

Sekretær: Geir Skagen

Styremedlem: Eivind Kjørvik

Attval

1. vara.: Ole Henrik Mølmann

Attval

2. vara.: Eva Holme

Attval

Musikkutval

Ole Henrik Mølmann, leiar

Attval

Marita Elise Holme

Attval

Bjørn Inge Solheim

Ny

Dirigent

Sosialkomité

Didrik Eide

Attval

Solveig Tørudstad

Attval

Heidi Fure Klausen

Attval

Valnemnd 2010

Martha Sundal Engeland

Ny

Vigdis Henden

Attval

Ingrid Sundal Søreide

Attval

Revisorar

Didrik Eide og Heidi Fure Klausen

Attval

Det var ikkje andre framlegg til val enn innstillinga frå valnemnda.
Vedtak: Valnemnda sitt framlegg til nye styremedlemmer og utvalsmedlemmer er godkjent.

Sandane 22. februar 2009

Geir Skagen referent